



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 07.10.2021
Vår ref: 20/02631-16
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Leivdalsmona i Stad kommune. Tiltakshavar: Volda Maskin AS.

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 20. juni 2020 fra Volda Maskin AS, org.nr. 958 245 424. Volda Maskin AS, org.nr. 958 245 424, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av lausmassar i Leivdalsmona på del av eideomen gnr./bnr. 56/4 i Stad kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 50 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan «Leivdalsmona», vedtatt 18. desember 1997, er området regulert til massetak.

DMF gjør merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovutgjeving.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 300 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast ved å betale inn eit grunnbeløp på NOK 150 000, og deretter årlege avsetjingar som skildra i punkt 5.11, til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) dokumentert at grunnbeløpet på NOK 150 000 er innbetalt til ein pantsett bankkonto;
- (iii) etablert pant i kontoen til fordel for DMF, vedlegg 3.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

Før drifta startar, skal konsesjonsgrensa for massetaket setjast ut eller markerast i terrenget, slik at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Leivdalsmona. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegnar med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Stad kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Statens vegvesen region vest, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) region vest, Statnett og eigarar av omkringliggjande eigedomar.

Høyringsperioden var frå 20. mai 2021 til 21. juni 2021.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Statsforvaltaren i Vestland:

Attgjeving av statsforvaltaren sitt høyringsfråsegn:

«Ingen registrerte spesielle naturverdiar i planområdet

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er spesielle verdiar eller kvalitetar knytt til planområdet. Tidlegare masseuttak på staden er etablert i det som ser ut som planteskog av furu. Den omsøkte utvidinga er planlagt i ei hogstflate der slik skog er fjerna og eventuelle miljøverdiar er tapte. Statsforvaltaren har difor ikkje noko spesielt å gjere merknad om når det gjeld naturmangfold.



Det er forbode med partikkelavrenning til vassdrag

Mineralutvinning kan vere forureinande, og forureiningslova slår fast at det er forbode å forureine. Det omsøkte konsesjonsområdet ligg i nærleiken av Eidselva. Eidselva er eit nasjonalt laksevassdrag, og i nasjonale laksevassdrag skal laksen sikrast ein særleg beskyttelse mot skadelege inngrep. Verksemda må sikre at tiltaket ikkje påverkar nærliggjande vassdrag, og det må difor gjerast tiltak for å hindre partikkelavrenning til vassdraget. Dette gjeld avrenning både grunna drift i uttaket og ved flytting og lagring av massar.

Handtering av mineralavfall

Frå driftsplanen går det fram at skrotmassar som ikkje vert brukt til tilbakestilling skal leggjast opp i randsona. Kapittel 17 i avfallsforskrifta handlar om handtering av mineralavfall. I eit eventuelt driftsløyve bør det nemnast at verksemda må etterkome reglane i forskrifta for mineralavfall. Det betyr mellom anna at dersom skrotstein kan medføre forureining eller virke skjemmande, må verksemda ha løyve frå forureiningsstyresmaktene, og viss verksemda produserer mineralavfall må det utarbeidast ein avfallshandteringsplan som skal godkjennast av Statsforvaltaren.

Overskotsmassar bør i så stor grad som mogleg verte tilbakeført og nytta til tildekking og opprydding etter at drifta i uttaket er avslutta.

Tilkøyrde massar

Verksemda skriv i driftsplanen at det kan vere aktuelt å ta imot reine massar frå anleggssdrift i samband med tilbakestilling av området. Overskotsmassar av jord og stein frå anleggsarbeid er definert som avfall etter forureiningslova og skal behandlast i tråd med avfallsregelverket. Dersom verksemda tek imot massar frå fleire aktørar/prosjekt over tid må det vurderast og avklarast med Statsforvaltaren om mottaket må ha løyve etter § 29 i forureiningslova som avfallsanlegg.

Forureiningsforskrifta kapittel 30

Verksemda opplyser i høyringsvedlegget om at tiltaket må rette seg etter forureiningsforskrifta kapittel 30. Forureiningsforskrifta kapittel 30 gjeld for stasjonære og mellombelse/mobile knuseverk samt siktetasjonar som produserer pukk, grus, sand og singel, og ikkje drift av masseuttak på eit generelt grunnlag. Verksemda har likevel ein generell plikt til å unngå forureining eller fare for forureining, jf. forureiningslova § 7. Viss det skal etablerast eit knuse- eller sikteverk på staden skal Statsforvaltaren ha melding om det i god tid før oppstart. Det er eit eige skjema på våre nettsider som kan nyttast som meldeskjema.»

DMF sin kommentar:

DMF gjer Tiltakshavar merksam på statsforvaltarens høyringsfråsegn.

Når det gjeld avrenning forutsett DMF at Tiltakshavar følger forureiningslova. DMF oppfordrar Tiltakshavar til å overvaka og eventuelt setja i verk nødvendige tiltak for å hindre partikkelavrenning til vassdraget.



Vi har vidare merka oss statsforvaltarens utsegn om kapittel 17 i avfallsforskrifta, forureiningslova § 29 og forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF føreset at Tiltakshavar setter seg inn i gjeldande regelverk og at dette følges. DMF ønsker vidare å merke at ei tillating etter minerallova, herunder driftskonsesjon, ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving, jf. minerallova § 5.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE):

Attgjeving av NVE sitt høyringsfråsegn:

«Forslag om arealbruk skal i følgje oversendingsbrevet vere i samsvar med reguleringsplan og kommuneplanen for området.

Av dykkar brev går det fram at:

«Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke, legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.»

NVE har såleis ikkje ytterlegare merknader eller kommentarar til saka.»

DMF sin kommentar:

DMF tek fråsegna til etterretning.

Statens vegvesen:

Attgjeving av statens vegvesen sitt høyringsfråsegn:

«Til denne høyringa uttalar vi oss som sektoransvarleg for framkome og trafikksikkerheit.

Tilkomst frå massetaket til E39 synast å vere via kommunalveg KV9010. Denne vegen leier til E39 i vest ved Hjelle skule, og i aust via fv. 5744. Transport av masser medfører auka trafikk på kommunalvegen og søkjær må difor avklare med vegeigar i høve kva konsekvensar transport av masser vil få for mjuke trafikkantar. Deler av kommunalvegen er også skuleveg. Det er viktig å sikre at mjuke trafikkantar generelt, og skuleelevar spesielt, sin sikkerheit ikkje vert redusert som følgje av transportar til/frå massetaket. Vestre del av KV9010 går forbi Hjelle skule. Her det er mykje aktivitet ved skulestart og skuleslutt. Dette må vere med i vurdering av trafikksikkerheit i høve av kvar transportane til/frå massetaket skal køyre av og på E39.

Under føresetnad av at ovannemnde tilhøve vert ivaretatt har vi ikkje andre merknader til høyringa.»

DMF sin kommentar:

DMF har motteke fleire høyringsfråsegn som gjeld vegen og har bedt kommunen og Tiltakshavar om kommentarar på desse. Kommentarane og DMFs kommentar fremgår under Hjelle Krins Utviklingslags fråsegn.



Thomas Bjørlo og Frida Leivdal Haavik (eigarar av gnr/bnr. 56/158), naboar:
Attgjeving av høyringsfråsegna:

«Viser til høyringsbrev mottatt i dag 20.mai 2021. Undertegnede stiller spørsmål vedrørende nødvendigheten av å starte opp nytt masseuttak i dette området. Vi har nettopp bygd oss hus ca 100 meter fra omsøkt areal, med store vindusflater og altan vendt sør mot omsøkt tiltak. Vi bosatte oss her (Gnr 56 Bnr 158), da Leivdalen/Hjelle har blitt et attraktivt boligområde for småbarnsfamilier.

Tilkomstvei

Veien til det omsøkte arealet er 30-sone, og skolevei. Det er 3 småbarnsfamilier som oppholder seg i umiddelbar nærhet på denne veien til det daglige. Det er barn som går til skole, personer som går/sykler til jobb, og mye turgåere som bruker denne veien. Tungtransporten må dessuten forbi Hjelle skule, med de farer dette medfører. Det må derfor unngås at tungtransport skal gjøres på denne veien.

Støy og støv

Når det gjelder støy og støv, så ser vi på det som svært uheldig at dette skal prege livet vårt i nytt hus i ei bygd i vekst. Det var mye korrespondanse ifbm søknadsprosessen for å få bygd boligene på 56/158 og 56/159 når det gjaldt støysona til skytebanen, og vi kan med rimelig sikkerhet si at steinknuser støyer mye mer enn skytebanen ved Firda kaserne.

Det blir generert mye støv fra både steinknuser og transport til og fra omsøkt areal. Dette støvet blir spredt utover uteområder, husvegger, biler, hager og landbruksområder i nærheten.

Nye boliger

Det er nettopp oppført 2 nye boliger, og det planlegges ytterligere 1 bolig på Gnr 56 Bnr 26 ca 100 meter fra omsøkt tiltak. Avfallsplassen som var i Leivdalen er tilbakestilt til landbruk, og det er gang/sykkelvei til Nordfjordeid. Leivdalen er derfor attraktivt område for boliger og landbruk, og er derfor ikke lenger egnet til masseuttak.

Tilbakeføring

Området er fremdeles ikke tilbakeført etter forrige masseuttak, og tilsynet må se til at området tilbakeføres til LNF slik som før masseuttaket ble åpnet - slik reguleringsplanen foreligger godkjent 18.12.1997 av kommunestyret.

Vi ber derfor om at søknad til driftskonsesjon Leivdalsmona i Stad kommune ikke blir innvilget.»

DMF sin kommentar:

DMF viser til at det er Stad kommune som ansvarleg etter plan- og bygningslova som bestemmer arealbruken i kommunen, inkludert plassering av masseuttak. Uttaket sørger for at samfunnet får tilgang til nødvendige ressursar i form av sand og grus som skal nyttast til tilslag til betongproduksjon. Slike ressursar må nødvendigvis takast ut der ressursane er lokaliserte.



Kva gjelder vegen viser DMF til kommentaren vår til Hjelle Krins Utviklingslags fråsegn.

Forhold knytt til støv og støy er regulert i forureiningslova, der Statsforvaltaren er ansvarleg. DMF føreset at Tiltakshavar etterlever regelverket knytt til støv og støy. Eventuelle spørsmål som gjeld dette må rettast til Statsforvaltaren. DMF viser også til at det følgjer av reguleringsføresegnsene punkt 3.3 at tiltakshavar er ansvarleg for at krava i forureiningslova vert overhalde når det gjeld støy, støv og anna forureining.

DMF vurderer at det ikke finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

Trond Haavik, Janne F. Leivdal, Knut O. Heggen, Marit Heggen og Jonny Lefdal (eigarar av gnr/bnr. 56/11, 56/77 og 56/26), naboar:

Attgjeving av høyringsfråsega:

«

Underteikna er blant dei nærmaste naboane med bustadar til den planlagde drifta som her er omsøkt.

Når reguleringsplanen vart vedteke og drift starta i 1997, så har vi gjort ein del erfaringar som vi meiner må lærast av når vilkåra skal stillast til ny tiltakshavar. Vi har forventningar av at Volda Maskin AS som framstår som ein profesjonell og seriøs aktør, også ser det som viktig at drifta skal medføre minst mogleg ulempe for omgjevnadane.

Fråsega vår er derfor bygd opp med å vise til nokre erfaringar, og med forslag til reguleringsstiltak som kan avbøte på negative effektar.

Støvplager

I reguleringsplanen punkt 3.2 heiter det at ein skal redusere støvplager med ei sikringssone på 50 meter der det er voll. Dette tiltaket blei ikkje gjennomført. I eine delen vart det laga ein liten voll som gjekk delvis inn på naboeigedomen.

Støvplagene var svært sjenerande når det var aktiv verksamhet i sandtaket. Dette utarta seg på to måtar:

1. Frå sjølve drifta så vart store mengde støv ført i lufta og gjorde det utriveleg ute. Der var ingen vatning i produksjonen, samt lite skog som bremsa på støvet.
2. Frå transporten ut av sandtaket. Vegen frå sandtaket og fram til den kommunale vegen er av grus, og var og ofte humpete – og då spesielt ved overgangen til den asfalterte kommunale vegen. Dette førte til at noko sand falt av lastebilane inn på den kommunale vegen. Dette førte til at annan trafikk forbi området drog med seg denne sanden og virvla det opp som støv inn på våre eigedomar.

Forslag til hindring av dette:

1. Vatning av aktivitet i sandtaket som reduserer støv under produksjonen
2. Beplanting i sikringssona. I dag er det kun på 56/11 eit tynt skogbelte. Skogplanting i sikringssona må kome i tillegg til dette. Det bør ikkje ligge på naboane å sørge for slik avbøtande tiltak.
3. Asfaltere tilkomstveg for redusere svinn frå transporten ut.
4. Vatning av biltransporten ut.
5. Pålegg om å regelmessig sjekke om det er mista sand på den kommunale vegen, og få dette fjerna.



Støyplager

Støy merkast godt når det blir knust stein og solda. Til tider var det umogleg å sitte ute i hagen og ha ei normal samtale. Vi observerte at det også vart tilkjørt stein til sandtaket, og vi oppfatta det slik at knusing av dette skjedde på området.

Forslag til hindringing av dette:

1. Støyande aktivitet avgrensast til ordinære yrkesdagar (man-fre) i ordinær arbeidstid fram til kl 16.00.
2. Drifta omfattar ikkje produksjon av masse tilkjørt frå andre område.

Sikkerhet

Sikkerheten som vi er spesielt opptekne av er i høve barn. Dette gjeld sjølvsagt sjølve sandtaket, som nok vil bli oppfatta som spanande for barn/ungdommar. Forskriftene har klare retningslinjer på dette, men det er viktig at det både blir etterfulgt og kontrollert. Spesiell frykt på dette området er frå vår side, er høge skjeringskantar utan sikring. Vi opplev driftsplanen som lite spesifikk på korleis dette skal sikrast.

Transporten til og frå sandtaket vil gå fram til barneskulen (1-7 trinn) som ligg knappe 1000 meter frå sandtaket. Dette er såleis skulevegen til borna i Leivdalens. Den kommunale vegen er såpass smal at der ikkje er passering mellom ein lastebil og ein personbil.

Forslag:

1. Områder som er farlige for mennesker eller dyr, skal sikres med gjerde
2. På strekninga Hjelle Skule til sandtaket vert det innkjøringsforbod for lastebilar mellom kl. 08.15 til 09.00 og mellom 14.30 og 15.00.

Til punkt 2 bør det peikast på at Leivdalens har og tilkomst frå vegen som går til Heggjabygda. Melkebil, etc som skal til dei større brukna nyttar normalt denne vegen og såleis ikkje bli ramma av dette. Tiltaket er såleis svært målretta og har neppe stor negativ konsekvens for tiltakshavar, sidan dette er svært avgrensa tidsintervall.

Vi forventar at det som del av handsaminga av søknaden vert lagt opp til synfaring av eigedomen før endeleg vedtak med vilkår vert gjort.

Som eit lite PS, så merkar vi at Hjelle Krins Utviklingslag ikkje står på distribusjonslista for denne høyringa.

»

DMF sin kommentar:

Forhold knytt til støv og støy er regulert i forureiningslova, der Statsforvaltaren er ansvarleg. DMF føreset at Tiltakshavar etterlever regelverket knytt til støv og støy. Eventuelle spørsmål knytte til dette må rettast til Statsforvaltaren. DMF viser til Statsforvaltarens høyringsfråsegn der det fremgår at viss det skal etablerast eit knuse- eller sikteverk på staden skal Statsforvaltaren ha melding om det i god tid før oppstart.

DMF føreset også at tiltakshavar følgjer reguleringsføresegnerne. Kommunen er ansvarleg for å følge opp dette. DMF oppfordrar videre Tiltakshavar til å vatne for å redusere støv. DMF finn ikkje grunn til å sette vilkår om at støyande aktivitet skal avgrensast til mandag til fredag til kl. 16. Kommunen har vedtatt i reguleringsføresegnerne punkt 3.3 at produksjon som medfører støyforureiningar skal henlegges til tidsrommet mellom kl. 6 og kl. 18 mandag til og med laurdag.

Når det gjeld sikkerheit har Tiltakshavar teikna inn kor gjerde skal plasserast i kart i driftsplanen. Det skal drivast frå øst til vest og gjerde skal stå i vestre del av uttaksområdet. Tiltakshavar har plikt til å sørga for at uttaksområdet blir sikra slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein, etter minerallova § 49. Området skal også vera forsvarleg rydda medan arbeidet pågår i samsvar med minerallova § 50. Sjå punkt 7 i vedtaket.



DMF har motteke fleire høyingsfråsegn om vegen og viser til vårt svar under Hjelle Krins Utviklingslags fråsegn.

DMF finn det ikkje nødvendig å dra på synfaring før vedtak vert fatta.

Eigarar av gnr/bnr. 56/159, naboor:

Attgjeving av fråsegna:

«Underteikna er blant dei nærmaste naboane med bustadar til den planlagde drifta som her er omsøkt.

Vi stiller oss bak fråsegna som er innsendt av eigara av gnr. b.nr 56/11 og gnr. b.nr 56/26.

Som småbarnsforeldre er vi spesielt interesserte i å sikre trygg skuleveg til/frå Hjelle skule for framtida og sikkerheit rundt uttaksområdet i Leivdalsmona. Vi støttar tiltaka foreslått av gnr. b.nr 56/11 og gnr. b.nr 56/26. Det bør skiltast om innkøyningsforbod i tidene rundt skulestart og skuleslutt.

Vi vil også presisere at vi forventar at nødvendig tilrettelegging i høve støy, støy og sikring er på plass før oppstart av drifta i Leivdalsmona.»

DMF sin kommentar:

DMF tek fråsegna til etterretning og visar til vårt svar ovanfor.

Hjelle Krins Utviklingslag:

Attgjeving av fråsegna:

«Hjelle Krins Utviklingslag har ved styremøte gjennomført 28.6.21 gjennomgått effektar av masseuttak i Leivdalsmona for naboor i Leivdalen og omegn. Ut i frå dette har vi innspel til vilkåra som skal stillast til tiltakshavar. Vi har forventningar om at Volda Maskin AS som ein profesjonell aktør også ser det som viktig at drifta skal medføre minst mogleg ulempe for omgjevnadane.

1. Sikring av området

Høge skjeringskantar utan sikring er til fare for spesielt born og unge som ferdest i skogen. Der er flotte turstiar i Leivdalsmona som brukast flittig av naboor i Leivdalen, Mogrenda og Fossebakken. Masseuttalet kjem til å grense til to av desse stiane.

Forslag til avbøtande tiltak;

-Sikring med gjerde på område som er farleg for menneske eller dyr. Forskriftene har retningsliner på dette, men det er viktig at det både blir etterfulgt og kontrollert.

-Vi forventar at det som del av handsaminga av søknaden vert lagt opp til synfaring av eide domen før endeleg vedtak med vilkår vert gjort.



2. Skuleveg og turveg

Transport av masse kjem til å gå via skulevegen til borna i Leivdalen. Det er ein smal veg som ikkje har passasje for lastebil og personbil. Vegen rundt Leivdalsmona brukast som turveg av lokalbefolkninga heile dagen. Det må takast hensyn til alle mijuke trafikkantar som delar denne vegen. Ekstra slitasje på vegen må reknast med ved auka storbiltrafikk. Vi har gått ut i frå at det er ruta forbi Hjelle skule som vil verte mest brukt då vi reknar med at mykje av transporten skal til Nordfjord Betong på Løkjaneset. Då er spørsmålet kor forstyrrande denne trafikken kan bli for undervisninga på skulen. Vi ber om at ruteval vil takast opp for diskusjon med alle partar i samband med synfaring av eigedomen før endeleg vedtak.

Forslag til avbøtande tiltak;

- På strekninga Hjelle Skule til sandtaket vert det innkjøringsforbod for lastebilar mandag-tysdag og torsdag-fredag kl. 08.15 til 09.00 og mellom 14.30 til 15.00. Onsdagar kl 08.15 til 09.00 og mellom 10.50 til 11.20. Det bør det peikast på at Leivdalen har og tilkomst frå vegen som går til Heggjabygda. Melkebil, etc som skal til dei større brukar nyttar normalt denne vegen og blir såleis ikkje ramma av dette. Tiltaket er såleis svært målretta og har neppe stor negativ konsekvens for tiltakshavar, sidan dette er svært avgrensa tidsintervall.

- Det må lagast ein plan for møtestadar langs vegen. Per i dag eksister berre møtestadar på privat grunn som er grusa. Om desse framleis skal nyttast må dei utbetra ved asfaltring eller vedlikehaldast jamnleg for å hindre nivåforskjel og holer. Vurdere om det trengs fleire møteplassar.

- Det er gatelys om lag halve vegen mellom krysset ved Hjelle skule og masseuttaket. Grunna hyppig turgåing også midtvinters i den mørke tida er vidareføring av gatelys heilt fram til avkjøyringa til masseuttaket eit tiltak som vil gjøre vegen tryggare for dei mijuke traffikkantane i møte med store køyretøy.

- Utbyggar må utbetre skader på veg og reasfaltere etter anleggsperioden.

- Kartlegge og diskutere fordelar og ulemper ved ulike ruteval.

3. Støv

Naboar i Leivdalen har tidlegare därleg erfaring med pagsomt støv og støy frå masseuttaket. I reguleringsplanen punkt 3.2 heiter det at ein skal redusere støvplager med ei sikringssone på 50 meter der det er voll. Dette tiltaket har ikkje tidlegare vore gjennomført. I eine delen vart det laga ein liten voll som gjekk delvis inn på naboeigedomen. Støvpagene var svært sjenerande når det var aktiv verksemد i sandtaket. Dette utarta seg på to måtar:

1. Frå sjølve drifta så vart store mengde støv ført i lufta og gjorde det utriveleg ute. Der var ingen vatning i produksjonen, samt lite skog som bremsa på støvet.

2. Frå transporten ut av sandtaket. Vegen frå sandtaket og fram til den kommunale vegen er av grus, og var og ofte humpete – og då spesielt ved



overgangen til den asfalterte kommunale vegen. Dette førte til at noko sand falt av lastebilane inn på den kommunale vegen. Dette førte til at annan trafikk forbi området drog med seg denne sanden og virvla det opp som støv inn på nærliggande eigedomar.

Forslag til hindring av dette:

- Vatning av aktivitet i sandtaket som reduserer støv under produksjonen
- Beplanting i sikringssona. I dag er det mot naboar mot nord berre eit tynt skogbelte på 56/11. Skogplanting i sikringssona må kome i tillegg til dette. Det bør ikkje ligge på naboane å sørge for slik avbøtande tiltak.
- Asfaltere tilkomstveg for redusere svinn frå transporten ut.
- Vatning av biltransporten ut.
- Pålegg om å regelmessig sjekke om det er mista sand på den kommunale vegen, og få dette fjerna.

4. Støyplager

Støy merkast godt når det blir knust stein og solda. Til tider var det umogleg for naboar å sitte ute i hagen og ha ei normal samtale. Det vart observert at det også vart tilkøyrt stein til sandtaket, og naboar oppfatta det slik at knusing av dette skjedde på området.

Forslag til hindring av dette:

- Støyande aktivitet avgrensast til ordinære yrkesdagar (man-fre) i ordinær arbeidstid fram til kl 16.00.
- Drifta omfattar ikkje produksjon av masse tilkøyrt frå andre område.

5. Turstiar

Der går per i dag turstiar i skogen som anten grensar til, eller går igjennom det omsøkte området. Vi forutset at tursti langs austsida av randsona (Midtimona) får forblitt intakt. Denne vegen går eit lite stykke inn på randsona mot søraust, men skal i utgangspunktet ikkje kome i konflikt med uttaket då støyvoll har god plass til å leggast utanom denne vegen.

Frå Midtimona går det også ein sti gjennom omsøkt område ut mot Firda kaserne i vest. Denne vil ikkje vere mogleg å bevare, men vi ber om tilrettelegging for omlegging av stien til utsida av støyvoll.

Vi håpar og trur at ei god tilrettelegging og dialog frå starten vil bygge ny tillit til naboar og gode relasjoner mellom alle partar.»



DMF sin kommentar:

DMF gjer tiltakshavar merksam på fråsegna.

Når det gjeld sikring visar DMF til vår kommentar til høyningsfråsegna over. DMF forutsett at tiltakshavar overheld sikringsplikten.

DMF føreset at Tiltakshavar etterlever regelverket knytt til støv og støy og viser til kommentarane våre til høyningsfråsegna over.

DMF oppmodar tiltakshavar til å legge til rette for omlegging av den nemnde turstien.

Når det gjeld vegen har DMF motteke fleire fråsegna som gjeld dette. Fråsegna vert den 10. august 2021 sendt til Stad kommune og Tiltakshavar for kommentar.

Tiltakshavars svar:

«Volda Maskin AS vil ikkje bruke KV9010 til massetransport ved skulestart og skuleslutt i periodene som er informert om av Hjelle Krins Utviklingslag, og kan forhalde seg til eit forbud som begrensar trafikk med lastebil i dei aktuelle tidspunkt. Vi forstår det slik at kommunen er einig i denne løysinga.»

Stad kommunes svar:

«Viser til dykkar brev dat. 10.08.2021, med oppmoding om kommentarar til høyningsfråsegner vedk massetak i Leivdalsmona i Stad kommune. Vi har gjennomført synfaring på staden og vore i dialog med tiltakshavar.

Tiltaket må ha tilkomst via kommunal veg, og i dette tilfellet er der to alternative ruter. Begge retningane er den kommunale vegen relativt smal (ned mot 3,6m brei) og med relativt få møteplassar, samt hus tett inntil vegen. For å dempe dei trafikale ulempene, meiner vi her er komne ein del konstruktive innspel i høyningsrunden. Vi finn det naturleg å ta utgangspunkt i Hjelle Krins Utviklingslag sine framlegg til avbøtande tiltak:

1. På strekninga mellom Hjelle skule til sandtaket bør det settast køyreforbod for massetransport mandag-tysdag og torsdag-fredag kl. 08.00 til 09.00 og mellom 14.00 til 15.00. Onsdagar kl 08.00 til 11.30. Som utviklingslaget påpeikar er tiltaket er svært målretta og har neppe stor negativ konsekvens for tiltakshavar, sidan dette er eit avgrensa tidsintervall som medfører begrensa ekstra køyrelengde. Kommunen tilrår likevel at tidsromma vert utvida noko, slik at dei er lettare å etterleve i praksis.
2. Stad kommune ynskjer at tiltakshavar etablerer fleire møteplassar langs den kommunale vegen. Det er naturleg at dette skjer i eit samarbeid med kommunen. Per i dag er det primært grusa møteplassar og private avkjørsler som tener til dette. Langs denne vegen er terrenget og massane så kurante, at det lett kan etablerast fleire møteplassar, og då primært utanfor dyrka mark.
3. Utviklingslaget peikar på behov for meir veglys, sidan det i dag er gatelys om lag halve vegen mellom krysset ved Hjelle skule og masseuttaket. Dette vil vere eit nyttig og godt tiltak, men kommunen er i tvil om tiltakshavar kan påleggast å bidra til dette. Kommunen vil uansett ta tiltaket inn i det pågående arbeidet med trafikktryggingsplan.»



Tiltakshavar og kommunen er samde i at vegen ikke skal brukast til massetransport ved skulestart og skuleslutt i periodane foreslått av Hjelle Krins Utviklingslag. DMF forutsett at tiltakshavar overheld dette og at kommunen som vegeigar følgjer opp dette.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekommsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekommsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gnr./bnr. 56/4, datert 22. april 2020, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekommsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekommsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 50 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan «Leivdalsmona», vedtatt 18. desember 1997, er området regulert til massetak.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.



5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomensten innanfor arealet på 50 dekar regulert til føremålet. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut ned til botnkoten på nivå 62 m.o.h. er estimert til kring 110 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 12 000 m³. Det er planlagt drift i ein etappe. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. I tillegg til driftfasane skal det leggjast fram ein plan for sikring og avslutting av grustaket.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Leivdalsmona godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemeld.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.



Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Jon Grebstad som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifa.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søker i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 9. juli 2020) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

DMF har ved søker i Artskart og Naturbase ikkje gjort funn av verken prioriterte eller trua artar eller utvalde eller trua naturtypar i konsesjonsområdet.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søker om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. DMF legg til grunn for vurderinga at området er prega av tidlegare drift og at effektane på omgivnadene allereie har hendt. DMF viser også til statsforvaltarens fråsegn om naturmangfald:

«Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er spesielle verdiar eller kvalitetar knytt til planområdet. Tidlegare masseuttak på staden er etablert i det som ser ut som planteskog av furu. Den omsøkte utvidinga er planlagt i ei hogstflate der slik skog er fjerna og eventuelle miljøverdiar er tapte. Statsforvaltaren har difor ikkje noko spesielt å gjere merknad om når det gjeld naturmangfald.»

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.



Driftsplanen med uttakskart viser oppstilling av gjerder på den østlege sida for uttaket. Desse er med på å sikre eventuelle høye uttakskantar.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjæråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Formål/bruksområde/kvalitet for uttatt ressurs: Tilslag til betongproduksjon.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Avslutningsplan: Etter avslutta uttak vil lagra, jordholdige avdekningsmassar leggast ut på arealet. Skråningar skal avsluttast stabilt på 1:2. Gjerder fjernes og arealet blir arrondert. Arealet tilbakeføres til LNF.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har foreslått ei økonomisk sikkerheit med innbetaling av grunnbeløp og deretter årleg fondsavsetting for å dekke kostnadene ved å arrondere og rydde opp i området.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 300 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved innbetaling av eit grunnbeløp og ved individuell fondsavsetjing, begge deler til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast



pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Grunnbeløp

Etter DMF si vurdering er det naudsynt å stille krav om innbetaling av eit grunnbeløp for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartsfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Tiltakshavaren skal difor før drifta startar betale inn eit grunnbeløp på NOK 150 000 til ein bankkonto. Beløpet er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 300 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal årleg betalast inn NOK 1,74 per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 4 år, det vil seie NOK 37 500 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 12 000 m³/år, tilsvarande om lag 21 600 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,74 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast utan grunnlaust opphold. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.



6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekommst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

For overdraging av driftskonsesjonen krevs søknad til og godkjenning frå DMF, jf. minerallova § 45 a.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg.

Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekommsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.



Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Unni Garberg
seksjonssjef

Sara Tønne
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Sara Tønne*



Vedlegg:

- Kart over konsesjonsområde
- Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse
- Pantsettelseserklæring
- Godkjent driftsplan

Mottakarar:

Volda Maskin AS Furene 42 6105 VOLDA

Kopi til:

Statsforvalteren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Stad kommune		
Inge Kristian Holmøy	Nordfjordvegen 2691	6779 HOLMØYANE
Magnus Arne Rindal	Giskehagen 22	0376 OSLO
Brita Hilde	Hildavegen 93	6793 INNVIK
Sonja Marie Leivdal	Setskogveien 1648	1954 SETSKOG
Janne Frida Leivdal	Leivdalsvegen 123	6774 NORDFJORDEID
Atle Magnar Rindal	Leivdalsvegen 88	6774 NORDFJORDEID
Knut O. Heggen	Leivdalsvegen 125	6774 NORDFJORDEID
Rune Lefdal	Leivdalsvegen 167	6774 NORDFJORDEID
Torbjørn Arne Leivdal	Leivdalsvegen 171	6774 NORDFJORDEID
Jonny Bjarte Lefdal	Leivdalsvegen 132	6774 NORDFJORDEID
Thomas Bjørlo	Leivdalsvegen 119	6774 NORDFJORDEID
Frida Leivdal Haavik	Leivdalsvegen 119	6774 NORDFJORDEID
Arnt Henning Leivdal	Leivdalsvegen 155	6774 NORDFJORDEID
Aurora Leivdal	Leivdalsvegen 121	6774 NORDFJORDEID
Knut Roger Leivdal	Leivdalsvegen 121	6774 NORDFJORDEID
Gandhi Eiendom AS	Postboks 30	6771 NORDFJORDEID
Linja AS	Sørstrandsvegen 227	6823 SANDANE
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER